

## **Vedlegg til sak 24/14: Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS**

### **Forslag til vedtak:**

Regionrådet sluttar seg til *Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS*, med fordeling av røyster, eigardel og rammer for låneopptak, slik det er utforma i avtalen.

Regionrådet ber NUI legge fram selskapsavtalen for handsaming i eigarkommunane.

Regionrådet ber vidare om at NUI fortsett å jobbe med prosjektet inntil nytt selskap er etablert. NUI sin daglege leiar vil også vere dagleg leiar i Region Nordhordland Helsehus IKS (RNH).

### **Saksutgreiing:**

Kommunane i Region Nordhordland gjorde i 2013 vedtak om å byggja eit Region – og helsehus på om lag 8000m<sup>2</sup>, oppført og drifta av eit IKS. Med bakgrunn i dette vert det tilrådd at det vert etablert eit eige IKS med heimel i *Lov om interkommunale selskap av 29.januar 1999*.

For å kunne nytte ressursane best mogleg vil det vere naturleg å nytte tilsette i NUI for å få realisert og drifte det nye selskapet - (RNH). Det vil vere tenleg at desse to selskapa har felles dagleg leiar og at RNH kjøper administrative tenester frå NUI.

I og med at RNH vil ha ein relativ stor økonomi og at målet med selskapet vil vere annleis enn for NUI vil det vere mest ryddig å ha dette i to åtskilte selskap.

### **Viktige element i avtalen:**

Selskapet skal ha ansvar for å byggja, drifta og leige ut lokale til offentleg tenesteyting.

Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. Fordeling av røyster i representantskapet tek omsyn til folketalet i medlemskommunane, slik det er vist til §4 i avtalen.

Kommunane sin eigar-/ansvarsdel i selskapet er fordelt etter følgjande prinsipp:

- 40 % fordelt likt på alle kommunane
- 60 % fordelt ut i frå folketalet som er 01.01.14

Høgaste ramme for selskapet si samla låneopptak er 300 millionar kroner. Representantskapet skal godkjenne låneopptak etter framlegg frå styret.

Selskapet skal ha eit styre og ein dagleg leiar som er tilsett av styret. Dagleg leiar rapporterar til styret, og har ansvaret for dagleg leiing og drift av selskapet.